

UU 06/18 Møteplan for utdanningsutvalet 2018 - 2019

Saksnr: 15/01302-57 Saksansvarleg: Veslemøy Hagen, *utdanningsdirektør*
Møtedag: 07.02.2018 Informasjonsansvarleg: Veslemøy Hagen, *utdanningsdirektør*

Bakgrunn

Møteplanane for utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet har sidan 2014 vore samkøyrde for å gjera planleggjinga av arbeidet mellom dei to utvala lettare. Dette har også vore gjort for å styrkja utdanningsutvalet sitt strategiske arbeid i spørsmål knytt til utvikling av utdanningskvalitet koordinert med andre sentrale utval og styret ved UiS. Samarbeid mellom utvala har vist seg å vera lettare å få til når UU og LU sine møteplanar korresponderar godt med kvarandre og med styret sin møteplan. Styret har i møte 24. november 2017 fastsett møteplan for studieåret 2018 - 2019. I utdanningsdirektøren sitt framlegg til møteplan for UU og LU er det teke omsyn til denne planen.

Møteplan

Utdanningsdirektøren gjer framlegg om fylgjande møteplan for dei to utvala:

Læringsmiljøutvalet	Utdanningsutvalet	Styret
		06.09.2018
Kurs og fellesseminar LU og UU - 05.09.2018		
18.09.2018	19.09.2018	18.10.2018
16.10.2018	17.10.2018	
13.11.2018	14.11.2018	06.12.2018
12.02.2019	13.02.2019	07.03.2019
09.04.2019	10.04.2019	09.05.2019
21.05.2019	22.05.2019	13.06.2019

Utdanningsdirektøren si vurdering

Det vert lagt opp til eit innføringskurs for nye medlemmer i starten av haustsemesteret, før det fyrste møtet i utvala. I fylgje årshjulet for utvalet (UU sak 15/14) skal det arrangerast fellesseminar for UU og LU i august/september. I 2014 og 2015 vart kurset lagt til same dag som seminaret, med kursdelen om føremiddagen og fellesseminaret om ettermiddagen etter en felles lunsj. I 2017 var fellesseminaret gjort om til oppstartseminar for gjennomgang av studia. Utdanningsdirektøren ser at utvala har gjort gode erfaringar med ei ordning med fellesseminar, og legg opp til at det hausten 2018 vert arrangert fellesseminar på same måten som i 2014 og 2015. Utdanningsdirektøren vil leggja fram sak om tema for seminaret i utvalsmøta i mai.

Framlegg til vedtak:

Utvalet godkjenner møteplanen for studieåret 2018 - 2019.

Stavanger, 08.01.2018

Veslemøy Hagen
utdanningsdirektør

Sakshandsaming: Eilef Johan Gard
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent i P360